

# **TILSYNSRAPPORT**

**Skulens arbeid med elevane sitt  
utbytte av opplæringa**

Meland kommune - Meland ungdomsskule

## **Innhald**

1. Innleiing .....	3
2. Om tilsynet med Meland kommune – Meland ungdomsskule .....	3
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular.....	3
2.2 Tema for tilsyn .....	3
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
3. Skulens arbeid med opplæringa i fag.....	4
3.1 Rettslege krav .....	4
3.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	5
3.3 Fylkesmannens vurderingar.....	6
3.4 Fylkesmannens konklusjon.....	7
4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte.....	8
4.1 Rettslege krav .....	8
4.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	9
4.3 Fylkesmannens vurderingar.....	9
4.4 Fylkesmannens konklusjon.....	11
5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning.....	11
5.1 Rettslege krav .....	11
5.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	12
5.3 Fylkesmannens vurderingar.....	12
5.4 Fylkesmannens konklusjon.....	13
6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring.....	13
6.1 Rettslege krav .....	13
6.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	14
6.3 Fylkesmannens vurderingar.....	14
6.4 Fylkesmannens konklusjon.....	15
7. Frist for retting av lovbrot.....	15
8. Kommunen sin frist til å rette .....	16
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget.....	17

## **1. Innleiing**

Fylkesmannen opna 8.7.2014 tilsyn med skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa ved Meland ungdomsskule i Meland kommune.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa (som denne rapporten handlar om), forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell<sup>1</sup> knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av lovbroter som er avdekte under tilsynet. Fristen er 03.02.2015. Dersom lovbrota ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

## **2. Om tilsynet med Meland kommune – Meland ungdomsskule**

### **2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular**

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16 (kommunepliktene), jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skular er utøving av myndighet og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbroter, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

### **2.2 Tema for tilsyn**

Temaet for tilsynet er skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa.

Hovudpunkt i tilsynet vil vere:

- Skulens arbeid med opplæringa i fag
- Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Vurdering av behov for særskild språkopplæring

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar syter for at elevane:

---

<sup>1</sup> [http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/\\_Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/](http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/_Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/)

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva for utbytte dei har av opplæringa
- blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

## **2.3 Om gjennomføringa av tilsynet**

Tilsyn med Meland kommune blei opna gjennom brev av 8.7.2014. Fylkesmannen har kravd at kommunen legg fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju, sjå vedlegg.

## **3. Skulens arbeid med opplæringa i fag**

### **3.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med opplæringa i fag som er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetanse mål i faget*

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova [§ 2-3 eller § 3-4] og forskrift til opplæringslova [§ 1-1 eller § 1-3]. Det vil seie at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetanse måla i læreplanen og medverkar til at dei blir nådde. Rektor må organisere skulen slik at dette blir sikra, jf. opplæringslova [§ 2-3 eller § 3-4].

*Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæring, kva som blir veklagt i vurderinga av eleven sin kompetanse, og kva som er grunnlaget for vurderinga.*

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og medverke til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa, kva som blir veklagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, og kva som er grunnlaget for denne vurderinga, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane må kjenne til kompetanse måla i læreplanane for faga. Dei skal òg kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer ein prestasjon. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane. Kravet til at dette skal vere kjent, inneber noko meir enn at informasjonen er tilgjengeleg for elevane. Rektor må organisere skulen for å sikre at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

*Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetanse måla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplærings måla i IOP.*

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova [§ 2-3 eller § 3-4] og forskrift til opplæringslova [§ 1-1 eller § 1-3]. For dei fleste fag i grunnskulen og for nokre fag i vidaregåande skole er kompetanse måla

førte opp per hovudtrinn eller etter fleire års opplæring. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovudtrinnet gjennom opplæringsløpet. Opplæringslova § 5-5 heimlar at ein elev som får spesialundervisning, kan ha unnatak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal da gå fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). I slike tilfelle må skulen sikre at opplæringa for eleven dekkjer dei individuelle måla.

*Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.*

Skulen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må gå fram av IOP-en kva for tidsintervall han gjeld for.

*Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik fra LK06.*

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa vik av frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skulen/kommunen gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gje tilråding om innhaldet i opplæringa, mellom anna realistiske opplæringsmål for eleven, og kva for opplæring som gjev eleven eit forsvarleg opplærerstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik må grunngjenvæst. Vedtaket om spesialundervisning fastset rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er gjort enkeltvedtaket om spesialundervisning.

*IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring vik av frå LK06, og skulen må ha ein implementert rutine som sikrar at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa (klassen).*

Reglane om innhald i opplæringa (kompetansemåla i læreplanane) gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skulen skal legge vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innafor det same totale undervisningstimetalet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik fra LK06, eller berre har færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette òg komme klart fram i IOP-en. Det må òg komme klart fram i kva for fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring (i klassen). Skulen må ha ein skriftleg framgangsmåte som opplyser om korleis ein skal sjå spesialundervisninga og den ordinære opplæringa i samanheng / arbeide saman i slike tilfelle. Framgangsmåten må vere innarbeidd av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

### **3.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Fylkesmannen gjennomførte felles formøte 24. april for alle kommunane som skal delta i felles nasjonalt tilsyn i 2014, der det blei gjort greie for lovkrava og gjennomføring av tilsynet.

Varsel om tilsyn blei sendt Meland kommune i brev av 7. juli saman med eigenvurderingsskjema til lærarane og rektor og spørjeskjema til elevane. Tilsynet omfattar faga matematikk, kroppsøving og engelsk. Alle lærarane som underviser i desse faga på 9. og 10. trinn, har fylt ut eit eigenvurderingsskjema.

Etter samråd med rektor blei ei klasse på 9. trinn og ei klasse på 10. trinn valt ut til å svare på spørjeskjema knytt til dei tre faga. Alle elevane har svart på spørsmåla.

Fylkesmannen bad om å få tilsendt fem vedtak om spesialundervisning på 9. og 10. trinn saman med IOP. Kommunen og skulen måtte elles vurdere sjølv kva annan skriftleg dokumentasjon som skulle leggjast fram for å byggje opp om eigenvurderinga. Rektor viste til at årsplanar eller halvårsplanar i det enkelte fag og på kvart klassetrinn er lagt ut på skulen sine heimesider. Skulen la ikkje fram annan skriftleg dokumentasjon i forkant av det stadlege tilsynet. Under gjennomføring av tilsynet og i etterkant er det lagt fram diverse skjema knytt til vurdering, kompetanse- og gjennomføring av elevsamtalet/utviklingssamtalet. Det er og lagt fram årshjul 2014 for skulen og årsrapport for skuleåret 2013/14. Sjå elles vedlegg.

Gjennomføring av det stadlege tilsynet skjedde gjennom eit opningsmøte med alle involverte lærarar og intervju med rektor og til saman seks lærarar som underviser i dei tre faga i dei to klassane på 9. og 10. trinn. Sluttmøte med kommunen blei gjennomført 31.10.14. Førebelts tilsynsrapport blei sendt 05.11.14, og kommunen har gitt uttale til rapporten i brev med vedlegg 18.11.14.

### **3.3 Fylkesmannens vurderingar**

Skulen har årsplanar eller halvårsplanar i alle fag. Planane viser til kompetanse-åla i læreplanane, men er ulikt utforma. Alle planane er lagt ut på heimesidene til skulen. Gjennom intervju kom det og fram at dei blir delte ut i papir til alle elevane.

Informasjon om og forventningar til planane blir formidla munnleg frå rektor på felles planleggingsmøte før skulestart. Rektor kontrollerer at alle planane er utarbeidd innan ein gitt tidsfrist og gjev tilbakemelding til lærarane dersom fristen ikkje er overhalde eller innhaldet ikkje er i tråd med føringane til rektor. Gjennom intervju kom det fram at rektor stiller krav om at alle planane skal vise til kompetanse-åla i læreplanen, men elles står lærarane fritt til å utforme planane. Dette blei også dokumentert gjennom intervju med lærarane.

Det er ressursteamsmøte ei gong per veke. Då er mellom anna elevvurdering og læringsutbytte tema. Munnleg tek rektor jamleg opp at det er viktig å gjere elevane kjent med mål og vurderingsgrunnlag.

Gjennom intervju kom det fram at det er stor variasjon i måten lærarane ivaretar eleven sin rett til å kjenne til kva som blir vektlagt i vurdering av kompetanse og kva som er grunnlaget for vurderinga.

Ein del lærarar har ikkje informasjon om vurderingsgrunnlag og vurderingskriterier med i årsplan eller halvårsplan. Gjennom intervju kom det fram at dei meiner at dette må knytast til arbeidet med fag i timane og til ulike tema som dei arbeidar med.

I uttalen om innhaldet i førebels tilsynsrapport skriv kommunen: *Vurderingskriterie for alle fag er no lagt ut på klassane si side (skulen si heimeside) saman med*

*halvårsplanane/fagplanane. Akkurat som elevane ved kvart semester også får papirutgåve av fagplan/mål, får dei no også papirutgåve av vurderingskriterie i det respektive fag, samstundes som ein munnleg «går gjennom» halvårsplanane for kvart fag saman med elevane.*

*Vurderingskriteria er like for alle tre åra, men måla etter Kunnskapsløftet varierer for kvart skuleår /tema i fagplanane. Døme på vurderingskriterie i engelsk, skriftleg og munnleg ligg vedlagt.*

Fylkesmannen har mottatt fem vedtak om spesialundervisning med tilhøyrande IOP. I eit par tilfelle samsvarar ikkje innhaldet i IOP med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa.

I eitt vedtak står det at eleven treng dagleg oppfølging av lesedugleiken med særskild fokus på innhald på grunn av at eleven har dysleksi. Det langsigte målet slik det kjem fram i IOP er å betre lesing og skriving. Dei konkrete arbeidsmåla er knytt til faga norsk og engelsk. I tillegg inneheld IOP også arbeidsmål i matematikk. Desse er ikkje knytt til lese- og skriveopplæringa, men til faglege mål i matematikk. Dette er ikkje nemnt i vedtaket.

I eit anna vedtak står det at eleven treng hjelp til å betre relasjonelle ferdigheter og utvikle sosial kompetanse, medan arbeidsmåla i IOP særleg rettar seg mot ferdigheter og kunnskapar i norsk, engelsk og matematikk.

Gjennom intervju kom det fram at dei fleste som har IOP ikkje har avvik frå læreplanane, men det kjem ikkje fram verken i sjølv vedtaket eller i IOP om eleven har avvik eller følgjer måla i læreplanane fullt ut.

I uttalen frå kommunen til den førebelse tilsynsrapporten er det opplyst at rektor no har gjennomgått den einskilde IOP for skuleåret 2014-2015. I dei nye IOPane er det presisert om opplæringa følgjer måla i Kunnskapsløftet eller har eventuelle avvik frå den ordinære læreplanen. Døme på endra IOP frå Meland ungdomsskule er lagt fram.

Kommunen skriv vidare at Meland kommune har starta opp eit prosjekt der ein skal innføre et eige program for arbeid med IOP gjennom Visma FLYT SamPro. I dei nye IOP-malane vil kommunen sikre at innhaldet i IOP samsvarer med einskildvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06. Vedtaket blir liggande øvst i IOP-malane slik at ein sikrar samsvar mellom vedtak og innhald i IOP. Arbeid med IOP'ane blir starta opp gradvis på alle skulane, men med formell oppstart hausten 2015.

Eigenvurdering og intervju dokumenterer at alle elevane som har spesialundervisning, følgjer klassens timeplan og har same timetal, og at skulen har ein implementert rutine som sikrar at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen.

### **3.4 Fylkesmannens konklusjon**

Fylkesmannen finn det dokumentert at rektor sikrar at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemåla i læreplanane i faga.

Vidare finn Fylkesmannen det dokumentert at rektor sikrar at elevane blir gjort kjent med mål for opplæringa, kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse, og kva som er grunnlaget for vurderinga.

Det er også dokumentert at rektor sikrar at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet /i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Skulen utarbeider IOP kvart år for elevar med vedtak om spesialundervisning. Både intervju og dokumentasjon stadfestar dette.

Innhaldet i IOpane samsvarar ikkje alltid med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa. I dei reviderte IOP ane går det fram om eleven har avvik frå kompetansemåla i læreplanane, men dette er ikkje nedfelt i sjølv vedtaka som er lagt fram. Kommunen skal utarbeide nye malar for å sikre at det er samsvar mellom innhaldet i vedtaket om spesialundervisning og IOP, men desse er førebels ikkje implementert på skulen.

Det er dokumentert at skulen har ein implementert rutine for å sikre at ein ser tilbodet om spesialundervisning i samanheng med planane for den ordinære opplæringa til klassen.

## **4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte**

### **4.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava utarbeidd av Utdanningsdirektoratet for tilsynet med skulens arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.*

Elevane skal bli kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld òg for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal bli i stand til å forstå kva dei skal lære, og kva som er formålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

*Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.*

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at det ikkje held at informasjonen ligg på Internett, eller at ein kan få informasjonen ved å spørje læraren. Lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane.

*Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.*

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gje god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere ein reiskap i læreprosesssen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2.

Undervegsvurdering skal medverke til at eleven aukar sin kompetanse i fag, jf. forskrifter

§ 3-11. Undervegsvurderinga skal elevane få løpende og systematisk, ho kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunngjeven informasjon om kompetansen til eleven og skal gjevast med sikte på fagleg utvikling.

*Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.*

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må syte for at elevane blir involverte i dette. Eleven si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

*Skulen må ha implementert rutine som sikrar at det i halvårvurderinga blir gjeve informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.*

Halvårvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje eleven sin kompetanse knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårvurdering skal òg gje rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa og gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Det er ikkje sett krav til kva form vurderinga skal ha. Vurderinga kan derfor vere både skriftleg og munnleg. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande opplæring skal vurderinga gjennomførast midt i opplæringsperioden. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande skole skal elevane få vurdering utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Frå 8. årstrinn og i vidaregåande skole skal elevane i tillegg ha halvårvurdering med karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Skulen må ha ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for at elevane får halvårvurderingar på riktige tidspunkt og at dei har eit innhald i samsvar med forskrifterna.

*Skulen må ha implementert rutine som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.*

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårvurdering med og utan karakter, eit gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal mellom anna gje vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skulen må ha ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for at elevane får årsrapportar på riktige tidspunkt og at dei har eit innhald i samsvar med forskrifta.

## **4.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Vi viser til pkt.3.2

## **4.3 Fylkesmannens vurderingar**

Gjennom intervju kom det fram at elevane blir gjort kjende med måla for opplæringa. Dette er gjennomgåande for alle dei tre faga som er omfatta av tilsynet; matematikk, engelsk og kroppsøving. Det er eit uttalt krav frå rektor at alle årsplanar i alle fag skal innehalde kompetansemåla i læreplanane, og gjennom intervju kom det fram at dette var kjent for alle lærarane. Årsplanar og halvårsplanar blir lagt ut på skulen sine

nettsider. I tillegg kopierer lærarane opp årsplanane, deler desse ut til elevane og gjennomgår planane i klassane. Det kom fram i intervju at det i ulik grad er eit samarbeid mellom lærarane om innhaldet i planane. Faglærarane i matematikk har drøfta innhald og struktur og følgjeleg er årsplanane i matematikk nokso like.

Det går fram av årsplanane og halvårsplanane at vurderingskriteria i faga i liten grad er ein integrert del av desse planane. Gjennom intervju kom det fram at lærarane utarbeider vurderingskriterium i faga, og at desse er gjort kjent for elevane, men på ulik vis. Under intervju vart det lagt fram døme på dokument som innehold mål og vurderingskriterium og kva som kjenneteiknar ulik grad av måloppnåing. I intervjuet kom det fram at lærarane på skulen bruker ulike skjema og system når dei utarbeider vurderingskriterium, men at det går føre seg drøftingar i fellesmøte, med utveksling av idear og erfaringar på området. Det kom likevel fram at det er stor skilnad på korleis det blir samarbeidd om dette arbeidet, både på tvers av trinna og mellom lærarar i same faggruppe. Nokre lærarar uttrykte ønske om eit tettare samarbeid for å utveksle og dele erfaringar.

Når det gjeld tilbakemelding på kva elevane meistrar, og rettleiing i kva elevane må gjera for å auka kompetansen sin, blei det gjennom intervju vist til døme på at lærarar går gjennom måla for opplæringa før ein tek til med nye emne. Konkret vart det i kroppsøving vist til rutine med å gå gjennom aktiviteten før timen, og oppsummering saman med elevane etter timen. Det kom og fram av intervju at det er større utfordringar med vurdering i kroppsøving enn i andre fag. Det kan vere vanskeleg å få forklart elevane korleis t.d. innsats og samarbeid inngår i vurderingsgrunnlaget. Det kom elles fram av intervju at elevane kan få både munnleg og skriftleg tilbakemelding på innleverte oppgåver, også tilbakemelding på kva dei må jobba meir med.

Under intervju blei det lagt fram døme på eigenvurderingsskjema. Det kom fram ulike døme på korleis elevane si eigenvurdering vert gjennomført. Nokre lærarar viste til at det blir nytta eigenvurdering etter kvart kapittel i læreboka, eller når ein undervisningsbolk er avslutta. Andre hadde utarbeidd eigenvurderingsskjema som vert nytta i eit fag, utan at alle faglærarane i same faget nytta tilsvarande skjema. Ut frå faga si eigenart, blei det vist til at det kan vera vanskeleg å laga eitt skjema som kan nyttast i fleire fag. Men ulike skjema blir prøvd ut og drøfta i fellesmøte.

Spørjeundersøkinga som elevane svara på når det gjeld undervegsurvurdering i engelsk, matematikk og kroppsøving, viser i stor grad samsvar med lærarane sine utsegn på 9. trinn. Det er større ulikskap mellom elevsvara og lærarane si eigenvurdering på 10. trinn. Det er også til dels stor skilnad mellom dei tre faga på det elevane har svart og lærarane si eigenvurdering. Til dømes svarer fleirtalet av elevane på 10 trinn nei på tre av åtte spørsmål om undervegsurvurdering i matematikk og nei på halvparten av spørsmåla i kroppsøving. Hovudtendensen er at det er variasjon, både mellom fag og trinn, når det gjeld samsvar mellom elevsvar og lærarane si eigenvurdering.

I skulen sitt årshjul er det lagt inn utviklingssamtale og foreldresamtale for alle elevar og føresette i oktober og mars. I årshjulet går det og fram at det blir delt ut karakterkort til alle elevar i desember og karakterkort eller standpunktcharakter i juni. Det går og fram av intervju at før utviklingssamtalene med elevane, og foreldresamtalen, fyller eleven ut eit "spørjeskjema" der alle faga, i tillegg til det psykososiale skolemiljøet vert vurdert.

Av eigenvurderingsskjema går det fram at alle faglærarar skriv kommentarar til kvar elev før utviklingssamtalen. Dette blei og stadfesta gjennom intervju. Gjennom intervju kom det og fram at fleire kontaktlærarar prøver å få tid til samtale med kvar elev før utviklings- og foreldresamtalen.

Det kom fram av intervju at i utviklingssamtalen blir det gjeve informasjon om kompetansen til eleven i dei ulike faga, og rettleiing til eleven om korleis kompetansen kan hevast. Det kom og fram at det blir gjennomført utviklingssamtale for alle elevar, inkludert elevar med vedtak om spesialundervisning og IOP.

I skulen sitt årshjul står det at fristen for å utarbeida årsrapportar for IOP-ar er sett til juni. Årsrapportane skal mellom anna gje vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP. Skulen har ein skriftleg rutine som syner når årsrapporten skal vera utarbeidd, men det føreligg ingen dokumentasjon som syner korleis det er sikra at rapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en. Etter sluttmøtet 31. oktober vart det lagt fram døme på årsrapport for IOP. Denne rapporten er bygd på ein mal som viser til at rapporten skal innehalda «konkrete arbeidsmål», «tiltak-mål-organisering», «ansvar» og «rapport».

#### **4.4 Fylkesmannens konklusjon**

Fylkesmannen finn det dokumentert at Meland ungdomsskule oppfyller krava i forskrift til opplæringslova knytt til individuell undervegsvurdering. Gjennom skriftleg dokumentasjon og intervju med lærarar kom det fram at undervisningspersonalet rettleiar elevane i kompetansemåla i læreplanen, og mål i IOP for elevar som har spesialundervisning.

Vidare finn Fylkesmannen det dokumentert at elevane får rettleiing i kva som er veklagt i vurderinga i fag, tilbakemelding på kva dei meistrar i faga, kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faga, og at elevane er involvert i vurderinga i eige læringsarbeid.

Fylkesmannen finn det godt gjort gjennom dokumentasjon og intervju at skulen har implementert rutinar som sikrar at det i halvårvurderinga blir gjeve informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Eit fleirtal av elevane på 10. trinn svarer nei på tre av åtte spørsmål om undervegsvurdering i matematikk og nei på fire av spørsmåla i kroppsøving. Hovudtendensen er elles at det er bra samsvar mellom eigenvurderinga til lærarane og elevsvara i spørjeundersøkinga.

Skulen har ein skriftleg rutine som syner kva tid årsrapporten for elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning og IOP skal vere utarbeidd og dokumentasjon som syner korleis det er sikra at rapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.

### **5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning**

#### **5.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava utarbeidd av Utdanningsdirektoratet for tilsynet med skulens arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring

og spesialundervisning. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Skulen må ha implementert rutine som sikrar at lærarane systematisk og løpende vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.*

Læraren skal, som ein del av undervegsverderinga, vurdere om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skulen må ha ein innarbeidd og skriftleg framgangsmåte for systematisk og løpende å vurdere om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

*Skulen må ha implementert rutine som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skulen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.*

Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innafor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må sjå på om tiltak knytte til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan medverke til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må vere skriftleggjord og innarbeidd. Dette skal skulen gjere før eleven eventuelt får tilvising til PPT for ei sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

*Skulen må ha implementert rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.*

I nokre tilfelle vil skulens vurdering og eventuelle utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innafor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har da krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gje spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekt.

Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må ha ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for å vurdere og melde behov for spesialundervisning.

## **5.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Vi viser til pkt.3.2

## **5.3 Fylkesmannens vurderingar**

Det går fram av eigenverderingane og intervjuer at lærarane nyttar ulike verktøy for å kartlegge om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Ved oppstart i 8. klasse blir elevane sin kompetanse kartlagt gjennom testar og prøver. Dette skjer også jamleg i løpet av året, til dømes gjennom skriftlege og munnlige prøver og formelle og uformelle samtalar med elevane og føresette. Det blir også vist til nasjonale prøver som hjelptil kartlegging av elevane sitt utbytte av opplæringa.

Som det går fram av pkt. 4.4, så driv lærarane ei systematisk individuell undervegsverdering i samsvar med forskrifta. Systemet er skriftleggjort gjennom årshjulet, årsplanar og halvårsplanar og diverse vurderingsskjema. På denne måten har skulen ein implementert rutine for å sikre at lærarane systematisk og løpende vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Gjennom intervju kom det fram at dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, blir dette tatt opp med kontaktlærar eller i team-møte på trinnet, som blir halde kvar veke. Kartleggingar og drøfting på team-møta ligg også til grunn for at lærarar kan ha om samtale med PPT for å drøfte om ein elev får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om skulen må setje inn ulike tiltak. Det kom fram gjennom intervju og i eigenvurderingane at det er fast rutine at PPT to gonger i semesteret har ein heil dag på skulen der lærarane kan «bestille» time for å drøfte enkeltelevar.

Lærarane vurderer mellom anna i teammøte kva for endringar i arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø skulen kan gjere for å gi desse elevane eit betre læringsutbytte. Dersom det går fram av vurderingane at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, set skulen inn ulike tiltak som til dømes å dele klassen i mindre grupper for ein periode, tilbod om bruke andre læreverk, lydbøker m.m.

Når det gjeld rutinar for å vurdere om elevar har behov for spesialundervisning, går det fram av eigenvurderingane og intervju at skulen i god tid før neste skuleår har eit møte med PPT og barne-/avleveringsskulane for å gjennomgå behov for spesialundervisning og utarbeiding av ny sakkunnig vurdering.

Gjennom intervju kom det fram at lærarane blir oppmoda til "utan opphør" å ta kontakt med rektor for å melde behov for spesialundervisning. Skulen har ein spesialpedagogisk ansvarleg som gjer fleire testar. Kontaktlærar, spesialpedagogisk ansvarleg eller rektor vurderer også om PPT, helsestøster, BUP, barnevern eller andre bør kontaktast. Kontaktlærarane i kvar klasse har krav om årleg tilbakemelding om klassens og enkeltelevar sitt behov for ressursar og tiltak.

I uttalen til den førebelse tilsynsrapporten har kommunen lagt fram felles skriftleg rutinar for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og at lærarane melder behov for spesialundervisning. Arbeidet med desse rutinane har skjedd parallelt med Fylkesmannen sitt tilsyn, og rutinane er lagt ut på kommunen sitt Kvalitetssikringssystem KF KvalitetSkulane i Meland. I tillegg er det lagt fram Oppfølgingsplan til bruk ved mistanke om trøng for særskilt hjelp til elevar.

## **5.4 Fylkesmannens konklusjon**

Fylkesmannen finn det dokumentert at skulen har ein innarbeidd rutine for å sikre at lærarane systematisk vurderer om alle elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Vidare finn Fylkesmannen det dokumentert at denne rutinen sikrar at arbeidspraksis, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte.

Gjennom intervju og skriftleg dokumentasjon kjem det fram at skulen gjennomfører ulike tiltak når det blir avdekt at elevane ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen har ein skriftleg implementert rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og for at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

## **6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring**

### **6.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava som er utarbeidd av Utanningsdirektoratet for tilsynet med skulens arbeid med å vurdere behov for særskild

språkopplæring. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Skulen må ha implementert rutine for å kartlegge elevane sine ferdigheter i norsk. For elevar med behov for særskild norskopplæring må implementert rutine sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.*

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å følgje den ordinære opplæringa på skulen, jf. opplæringslova [§ 2-8 eller § 3-12]. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Kommunen har ansvaret for at kartlegginga av norskferdighetene til eleven blir gjord før vedtaket om særskild språkopplæring. I dei fleste tilfella er det skulen som gjennomfører kartlegginga. Skulen må òg vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skulen må ha ein innarbeidd og skriftleg framgangsmåte som sikrar dette.

*Elevar med vedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheter undervegs i opplæringa.*

Skulen skal òg kartlegge eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskild språkopplæring, jf. opplæringslova [§ 2-8 eller § 3-12]. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa på skulen. Skulen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

## **6.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Vi viser til pkt.3.2

## **6.3 Fylkesmannens vurderingar**

Når det gjeld særskild språkopplæring og spørsmål om rutine for kartlegging av elevane sine ferdigheter i norsk, viser skulen til Carlsten- lese og skriveprøve og nasjonale prøver. Av eigenvurderingsskjema går det fram at elevar som kjem frå ein barneskule, har blitt kartlagt der. Når ein elev kjem direkte frå heimlandet til skulen, og eleven t.d. berre snakkar rumensk eller polsk, heller ikkje engelsk, set skulen i gang med norskopplæring med ein gong. Generelt viser skulen til faste testar i 8.klasse og at spesialpedagogisk ansvarleg testar dei elevane som presterer under snittet, og at elevar som ikkje skårar adekvat for trinnet blir testa vidare.

Kommunen har ansvaret for at kartlegginga av norskferdighetene til eleven blir gjord før vedtaket om særskild språkopplæring. I dei fleste tilfella er det skulane som gjennomfører kartlegginga. I eigenvurderinga frå rektor blir det vist til at kommunen har eige søknadsskjema for særskild norskopplæring, og «mal for svar på søknaden». Men det går ikkje fram korleis dette er administrert og formeldt fordelt mellom kommunen og skulen.

I eigenvurderingsskjema og gjennom intervju kom det fram at skulen nyttar kartleggingsverktøy som ligg på Utdanningsdirektoratet sine sider i samband med kartlegging av elevane undervegs i vurderinga.

## **6.4 Fylkesmannens konklusjon**

Fylkesmannen finn det ikkje dokumentert at skulen har ein innarbeidd og skriftleg framgangsmøte som sikrar kartlegging av elevane sine ferdigheter i norsk, eller ein rutine som sikrar at det blir vurdert om elevar med behov for særskild norskopplæring òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Når eleven får særskild språkopplæring, skal skulen òg kartleggje eleven undervegs i opplæringa for å vurdera om eleven har tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa på skulen. I eigenvurderingsskjema og gjennom intervju kom det fram at skulen nyttar kartleggingsverktøy som ligg på Utdanningsdirektoratet sine sider i samband med kartlegging av elevane undervegs i vurderinga.

## **7. Frist for retting av lovbro**

Fylkesmannen har i kapitla 3 til og med 6 konstatert lovbro. I denne rapporten får Meland kommune frist til å rette lovbro, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 03.02.2015. Kommunen må innan denne datoene sende Fylkesmannen ei erklæring om at det ulovlege forholdet er retta, og ei utgreiing om korleis lovbroet er retta.

Dersom lovbro ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

### **Skulens arbeid med opplæring i fag**

1. Meland kommune må syte for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Meland ungdomsskule er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Meland kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06.

### **Vurdering av behov for særskild språkopplæring**

2. Meland kommune må syte for at Meland ungdomsskule sikrar at elevar som ikkje har norsk eller samisk som morsmål, får vurdert sitt behov for særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8.

Meland kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skulen har ein implementert rutine for å kartleggje elevane sine ferdigheter i norsk.
- b. Skulen har rutinar som sikrar at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring når eleven har behov for særskild norskopplæring.

## **8. Kommunen sin frist til å rette**

Som nemnt i kapittel 5 ovanfor, har kommunen fått ein frist for å rette dei ulovlege forholda som er konstaterte i denne rapporten.

Frist for tilbakemelding er **03.02.2015**

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Jon Fjeldstad

Toril Tysseland

Tilsynsleiar

Seniorrådgjevar

## **Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget**

Følgjande dokument inngår i dokumentgrunnlaget for tilsynet:

1. Årsrapport skuleåret 2013/2014
2. Årshjul Meland ungdomsskule
3. Aktivitetsplan for hausten 2014
4. Eigenvurderingsskjema skuleleiinga
5. Eigenvurderingsskjema frå lærarar i engelsk på 9. og 10. trinn - 3 stk
6. Eigenvurderingsskjema frå lærarar i kroppsøving på 9. og 10. trinn - 4 stk
7. Eigenvurderingsskjema frå lærarar i matematikk på 9. og 10. trinn - 4 stk
8. Rapport spørjeundersøking for elevar på 9. og 10. trinn
9. Skjemamal til bruk ved utviklingssamtale ved Meland ungdomsskule
10. Mal for vurderingsskjema til bruk i munnleg presentasjon – engelsk
11. Mal for vurderingsskjema til bruk ved skriftleg tekstproduksjon – engelsk
12. Mal for eigenvurderingsskjema – engelsk
13. Mal for eigenvurderingsskjema – kroppsøving
14. Test i praktisk matematikk med eigenvurderingsskjema
15. Skjema for eigenevaluering i matematikk
16. Mal for søknad om særskild språkopplæring etter § 2-8
17. Mal for enkeltvedtak om særskild språkopplæring
18. Kopi av vedtak om spesialundervisning og IOP – 5 stk
19. Anonymisert årsrapport til bruk ved spesialundervisning
20. Vurderingskriterier i fag – eksempel
21. Retningsliner for saksgang ved etablering av spesialundervisning
22. Døme på IOP med informasjon om kompetanse mål
23. Oppfølgingsplan til bruk ved mistanke om trøng for særskilt hjelp til elevar

Det blei gjennomført tilsyn på staden 16. oktober 2014.